

KRAFT MUSEET

ÅRSRAPPORT 2025



Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum, er ei stifting med egne vedtekter og styre. Museet har hovudkontor i Naustbakken 7 i Tyssedal, og har arenaer og publikumstilbod både i Tyssedal og Odda.

Museet vart stifta 9. desember 1988 som Odda Industristadmuseum. Stiftinga vart utvida i år 2000 og skifta namn til Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum. Etter museumsreforma, fekk museet i 2003 status som konsolidert museum, og eit tematisk ansvarsmuseum. I 2018 bytte museet namn til Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum. Gjennom å vera ein del av NVE si museumsordning, har Kraftmuseet konkrete oppgåver på nasjonalt plan.

Følgjande verksemder, institusjonar og organisasjonar er stiftarar av Kraftmuseet:

Odda kommune (no del av nye Ullensvang kommune), Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink as (no: Boliden Odda AS), K/S Ilmenittsmelteverket (no: INEOS AS), AS Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Indre Hardanger), BKK, Bjølvfossen ASA (no: Elkem Bjølvfossen AS), DNN Industrier AS, E-CO Vannkraft AS, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjonsforbund (no: EL & IT Forbundet), Energibedriftenes Landsforening (no: Fornybar Norge), E-verkenes fagforening Vestlandet, Haugaland Kraft AS, Hardanger og Voss regionråd (no: Hardangerrådet), Herdlandsfoss Kraftverk (no: overført til BKK), Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag (no: Hardanger Energi AS), Kvinnherad Energi AS, Lederne, Landsorganisasjonen i Noreg, Norsk Institutt for vannforskning (NIVA), NHO Hordaland, Norsk Arbeidsmandsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Styrke), Norges Ingeniør og Teknologorganisasjon (NITO), Norske Sivilingeniørers Foreining (no: Tekna), Odda Energi AS (no: Haugaland kraft/ Fagne), Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), Statkraft Energi AS, Sunnhordland Kraftlag AS, Ullensvang herad (no del av nye Ullensvang kommune).

Museet arbeider etter følgjande føremålsparagraf vedteken av stiftarane 11. april 2000:

Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forskning og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.

Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkje interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonngata.

Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskraftshistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har òg som mål å bevare, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tysso I).

INNHALD

1. Organisasjonen
2. Økonomi
3. Samandrag: 2025
4. Samling og dokumentasjon
5. Formidling
6. Mangfald og inkludering
7. Forsking, utvikling og nettverksarbeid
8. Administrasjon og drift
9. Vegen vidare

Årsrekneskap

1. Organisasjonen

Styret	Trude Hoflandsdal Letnes, styreleiar (styreoppnemnt) Ingunn Olsen Mossefin, nestleiar (Kraftmuseets Venner) Nina Haug (Vestland fylkeskommune) Toralf Mikkelsen (Ullensvang kommune) Runar Rugtvedt (Norsk Industri) Hans Henrik Haukaas (Statkraft) Harald Jordal (LO i Indre Hardanger) Gro Tyssedalstveit Kollbotn (tilsette sin representant)
Direktør	Liv Eirill Evensen
Administrasjonsleiar	Mette Haraldsen
Avdelingsleiarar	Svein Jåstad, avdelingsleiar Bygg og anlegg Åsne Dolve Meyer, avdelingsleiar Formidling Lasse Tverdal, avdelingsleiar Samling
Revisor	Ullensvang Revisjon AS ved statsaut. revisor Nils Magnus Berge

Styret hadde 4 ordinære styremøte i 2025, og handsama i alt 30 saker.

Ved Kraftmuseet vart det i 2025 utført 14,25 årsverk, i tillegg kjem frivillig innsats som er stipulert til 0,50 årsverk. Av 16 faste tilsette vart det utført 13,27 årsverk ved Kraftmuseet. Tilsette på engasjement, korttidstilsette og sysselsette utførte 0,81 årsverk, gjennomført av i alt 10 personar.

Kraftmuseet arbeider for likestilling mellom kjønna – organisatorisk, sosialt og lønsmessig. Fordelinga av menn og kvinner mellom dei fast tilsette pr. 31.12.2025 er 6 menn og 11 kvinner. Tre kvinner og to menn utgjer leiinga ved museet. Kvinneandelen i styret var 50 %.

Kraftmuseet hadde i 2025 eit sjukefråvær på 9,06 % mot 11,82 % i 2024. Det legemeldte sjukefråværet var på 6,9 % mot 9,5 % i 2024. Det er sett i verk tiltak for å redusera sjukefråværet. Korttidssjukefråværet gjekk frå 2,32 % i 2024 til 2,96 % i 2025. Vi har ikkje registrert arbeidsuhell med personskade i 2025.

Museet samarbeider med ei rekkje aktørar, som NVE, Ullensvang kommune, Riksantikvaren, Vestland Fylkeskommune, Hardangerakademiet, Liv på Nes, Statkraft, AS Tyssefaldene og ulike museum. Visit Hardangerfjord er samarbeidspart innan reiseliv og marknadsføring, og lokalt jobbar me tett saman med turistkontoret. Museet samarbeider med lokale verksemdar og næringsliv, og prøver i størst mogeleg grad å kjøpe varer og tenester lokalt. Venelaget *Kraftmuseets Venner* er også ein viktig samarbeidspartnar og støttespelar for museet.

Framsida: Kraftmuseet / Kristoffer Skogheim, del av nye marknadsføringsfoto tekne i 2025

2. Økonomi

Rekneskapen viser eit overskot i 2025 på kroner 1 457 558. Årets resultat er fordelt slik:

Til bunden egenkapital har vi overført kr. 123 473 til vedlikehaldsfondet for Periodisk vedlikehald av Tyssedal kraftverk. Vidare er kr. 400 847 overført til Fond Industriarkiv, for å kunne bruke dette til å investere i samlingane framover. 63 340 er overført til nettleigefond for fjernvarmenettet i Tyssedal. Og sist er kr. 869 898 overført til disposisjonsfondet – dette skal bidra til eigenfinansiering i framtidige prosjekt.

Overskotet skuldast i stor grad refundert lønn frå NAV, vakante stillingar grunna permisjonar, samt inntekter på oppdragsverksemd, utleige og andre salsinntekter.

Hovudoppgåvene i 2025 har, slik denne årsrapporten viser, vore istandsettingsarbeidet på M/Y Tysso, arbeid på Skjeggedalstova, i Folgefonngata – og arkivprosjektet for AS Tyssefaldene.

Kraftmuseet baserer drifta på offentlege tilskot, men har i fleire år hatt betydelege eigeninntekter. Desse er noko reduserte i 2025.

I fleire år med gode resultat har Kraftmuseet opparbeidd seg solid egenkapital og god likviditet. Vi har planer om å nytte betydelege midlar til investeringar i komande år, medan investeringa i Holberg Likviditet gav ei avkastning på kr. 209 610,- i 2025.

Straumkostnadane har no i ein viss grad stabilisert seg. Vi ønskjer å ruste oss for ei framtid med varierende straum- og fjernvarmekostnadar ved å investere i enøk-tiltak og styrkje utnyttinga av fjernvarmen.

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapen og balansen eit rett bilete av stoda til stiftinga Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum pr. 31.12.2025.

3. Samandrag: 2025

2025 vart året då vi endeleg fekk sett den vakre veteranbåten vår, M/Y Tysso, i stand, og fekk skifta taket på Skjeggedalstova ut med ei varig løysing. Restarbeid i Folgefonngata har bidratt til at dette året på mange måtar har stått i trevyrket sitt teikn. Da er det godt å ha snikkar på huset, samt gode samarbeidspartnarar ved Hardanger fartøyvernsenter.

I år fekk vi eit nytt besøk av Kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery, denne gangen ved arenaene våre i Tyssedal, og vi har teke imot gjestane våre gjennom året med opningskonsert, temporærutstilling, avslutningskonsert – og vårt vanlege og høge engasjement for teknisk-industrielle kulturminne.

Synleggjering gjennom prosjektdeltaking, internasjonal satsing, representasjon, føredrag og tekstproduksjon veks fram, og legg grunnlag for vidare arbeid med forskning og utvikling. Det inneber òg ei styrking av museet at vi rundar av året med friske tankar om kunnskapsproduksjon i vår nye forskingsplan.

Opprusting av administrasjonen gjennom ei nyoppretta stilling har vore eit strategisk grep i år, som vil avhjelpe drifta vår framover. Arbeid med søknadar og rapportering tek særskilt mykje tid, og strategisk, langsiktig arbeid for å finansiere drifta vår gjennom gode tematiske vinklingar og prosjekt, og ikkje minst det å skape ein god arbeidsplass framover, er høgt prioritert.

4. Samling og dokumentasjon

Kraftmuseet forvaltar mange viktige materielle kulturminne, med Tysso I kraftverk, bygg på Smelteverkstomta og arbeidarbustadene i Folgefonngata som dei mest framståande.

Per 31.12.2025 eigde me, eller hadde ansvaret for, 24 bygg, 1 verna fartøy, kring 12 300 registrerte gjenstandar, fleire hundre intervju, vel 150 kulturhistoriske filmar, kring 160 000 fotografi og ei biblioteksamling med ca. 5 200 einingar. Museet har ei samling av omlag 330 privatarkiv.

Det vert arbeidd frå Vestland fylkeskommune si side med prosjektering av eit felles stormagasin for dei konsoliderte musea i tidlegare Hordaland. Her har Kraftmuseet tidlegare levert høyringsuttale, kor vi la vekt på behovet vårt for høgprofesjonelle magasinløyisingar regionalt.

Kraftmuseet har i 2025 hatt første normalår etter at vi tilsette avdelingsleiar for samlingsavdelinga i 2024. Det vert arbeidd fokusert med registreringsetterslep og avhending, og gjort grundige vurderingar i inntakskomiteen.

I år har vi starta eit arbeid for større fokus på såkalla samtidsdokumentasjon, kor den nære historia vår vert ivareteken. Utan ein større innsats her, vil vi kunne misse viktig kjeldegrunnlag for museets sitt framtidige arbeid med forskning, formidling og forvaltning.

Arkiv

Kraftmuseet har hittil registrert 133 arkiv i Arkivsystemet, ei løyising som gjer at publikum kan sjå at me har dei, og kva dei inneheld. I 2025 vart 21 arkiveiningar registrerte inn i ASTA. I 2025 har museet motteke 3 arkiv. Blant dei nye arkiva er det eine eit større teikningsarkiv.

Vi hadde 11 rekvisisjonar av foto og 17 rekvisisjonar av informasjon i 2025. Førespurnadene kjem generelt frå publikum, frå offentlege organ og frå ulike tiltakshavarar. I tillegg har det vore over 90 000 sidevisningar på Digitalt museum, samt 1 788 fotonedlastingar frå same side.

I prosjekt *Digitalisering og tilgjengeleggjering av Teikningsarkiv, Odda Smelteverk AS*, er status slik at om lag 7 590 teikningar av 20 000 er digitaliserte. Dette er eit utviklingsprosjekt, og museet har arbeidd tett med Digitalarkivet for å gjere teikningane tilgjengelege. Til no er om lag 3 914 teikningar lagt inn i Digitalarkivet. Sluttstilling av dette arbeidet er planlagt til mars 2026.

Oppdraget vårt med ordning av privatarkivet frå AS Tyssefaldene vart kraftig utvida i 2024, med eit større tilleggsprosjekt. Her ligg det an til ferdigstilling i 2026, som planlagt. Oppgåva har stor samfunnsmessig betydning, sidan vi slik får bidra til å ta vare på historia til AS Tyssefaldene for

ettertida. Dette er også eit heilt spesielt oppdrag for oss, sidan det gjeld eigaren av dei kulturhistoriske bygga vi forvaltar i Tyssedal. Arkivet til AS Tyssefaldene fortel ikkje berre historia om ei verksemd, men om eit heilt samfunn. Arkivet representerer òg ein sentral del av historia om moderniseringa av Noreg som nasjon.

Første år i hovudprosjektet for *Arkivet skapt av Johan Galtung*, har resultert i at arkivmaterialet er 10 % ferdig ordna. Til gjengjeld er heile arkivet reingjort og klart for ordning. Planen vidare er å starte med digitalisering av materiale komande år.

Foto

Kraftmuseet har vel 15 000 foto tilgjengeleg på Digitalt Museum (DM). DM er mykje nytta, både blant privatpersonar, organisasjonar og forlag. Kraftmuseet leverer ein god del foto til bøker og artiklar, og bistår mellom anna det offentlege i å finne fram til naudsynt dokumentasjon. Nedlasting frå DM til privat bruk er gratis.

Museet har implementert DAMS (Digital Assets Management) for fotolagring og deling, og hatt intern kursing i dette programmet.

I 2025 har vi nytta ekstern fotograf til å ta nye publikums- og arenabilete til museet sin marknadsføringsportefølje.

Gjenstandar

Samlingsarbeidet har eit større etterslep generelt. Det naudsynte arbeidet med rydding, avhending og kassasjon har hatt godt driv i år. Å få grep om etterslepet vil gje rom for å utvikle samlingsavdelinga – og leggje grunnlaget for meir av den viktige forskinga og formidlinga vi skal drive med, basert på samlingane våre. Arbeidet med å rydde og systematisere gjenstandslager i Naustbakken 7, og i Bygg 026 på smelteverkstomta, held fram. Behovet for avhending er framleis stort.

Eit anna viktig moment ved gjenstandsarbeidet er å skilje mellom Primus-registrerte gjenstandar, og gjenstandar som ikkje er registrerte i programmet Primus. Det er gjennom Primus at gjenstandane igjen kan publiserast og tilgjengeleggjerast i Digitalt Museum. I Primus har vi totalt 3 380 registrerte gjenstandar.

Bevaringstenestene

Vi held oppe det gode samarbeidet med Bevaringstenestene, og har i år hatt spesielt fokus på gjenstandsarbeid gjennom deltaking i *Nytt fokus på museumsgjenstand – Styrking av heilskapleg samlingsforvaltning (2025–2027)*.

Immateriell kulturarv

Odda vidaregåande skule si landslinje i vg2 smedfaget held fram i den freda smia vår i Bygg 026. Målet til skulen er å ta vare på smedfaget, finne læreplassar og føre handverket vidare.

Innanfor immateriell kulturarv forvaltar også Kraftmuseet ei enorm kunnskapsbase gjennom Industriarkivet, med store verksemdarkiv, andre privatarkiv, og varierte organisasjons- og lagsarkiv.

Tysso I Kraftstasjon

Forvalting, drift og vedlikehald av Tyssedal kraftverk vart i 2025 handtert på eit tilfredsstillande nivå.

Vi har prioritert det krevjande tiltaket med reingjering og maling i røykjellar nord, og vølt sprekkdanning over vindauge i nord. Noko dekormåling har det òg vore tid til.

Elles har museet bidrege i ulike synfaringar og møte med eigar og entreprenør i samband med opprusting av stasjonen utvendig i 2025.

I samband med ein lekkasjeskade i kraftstasjonen i september, har Kraftmuseet sine tilsette dokumentert skadane, monitorert lekkasjen og vore i tett dialog med eigar og vernemynde.



Synfaring med entreprenør, konsulent og eigar, august 2025. Dekormaling i nord, under utføring av tilsett ved museet. Foto: Kraftmuseet / Liv Eirill Evensen / Irene Lamo

Vi har jamt fokus på energieffektivisering, med tetting av luftlekkasjar og oppfølging av fjernvarmeanlegget, som museet driftar. I 2025 vart det lokalisert og tetta to lekkasjar i fjernvarmeanlegget etter eit storstilt «detektivarbeid» med god lyttehjelp frå Ullensvang kommune.

Lilletopp

Det vart som vanleg teke vernerunde på stien og anlegget før sesongopning, med utbetring av manglar, samt vinterklargjering av anlegga.

Bygg 026 Smia

Bygg 026 er tidlegare sett i stand, slik at kostnadane til FDV er reduserte. Smedskulen held til i Smia. Det er stor aktivitet i lokala, både knytt til undervisninga og til aktivitetar i regi av Odda Smedforening.

Arbeidarbustadene i Folgefonngata

Etter sluttstilling av fleire prosjekt på museumsanlegget i Folgefonngata i 2024, var det framleis meir å gjere, slik at vi har heldt fram med utvendig arbeid og maling på bygga.

I sommar fekk vi til eit tidsavgrensa formidlingsopplegg i arbeidarbustadene i regi av vennelaget, sjå Formidling.

M/Y Tysso

M/Y Tysso vart vinterklargjort i 2024. Båten var mogen for eit større arbeid på land, og vår/sommar 2025 fekk vi det endeleg til. Hardanger Fartøyvernsenter leverte tilbod på arbeidet, det vart gjennomført prøvetur og vi fekk tinga slipp hjå Djupevåg, som ligg nær fartøyvernsenteret. Målet var mellom anna at vi skulle stille med M/Y Tysso ved Fjordsteam i Stavanger 2025, og dette fekk vi til.

Ved prøvekøyring av båten 23.04.25 kunne mekanikar lokalisere tidlegare registrert ulyd til akslinga. Etter prøveturen vart lagerhuset til akslinga demontert. Det viste seg at eit lager på akslinga var slitt ut, og måtte bytast. Lagerhuset mangla òg smøring, og dette vart ordna.

I batteriskapet var det varmeutvikling, og begge batteria vart skifta ut. Motorolje og filter vart skifta.

Båten kom på slipp 20. mai, for eit opphald rekna til 5 dagar. Det var ein del groe på undervasskroget, noko ein må rekne med når båten ligg på sjøen i fleire år. Fire tilsette frå Kraftmuseet deltok i arbeidet på land, med spyling og fjerning av grønske og skjel på undervasskroget, priming av botnen av båten, samt maling av skroget.

Det var avrenning på salongvegg i akter, med mistanke om lekkasje frå luftinga på salongtaket/dekket. Ei luftehette vart demontert, og det viste seg at sokkelen i teak, som hettene står på, var sprukken grunna uttørka linoljekitt. Sokkelen vart satt i Sikaflex før han vart skrudd fast.

Planken som var under sokkelen akter på styrbord side, hadde langsgåande sprekkar, og vart skifta ut. På dekk vart laus lakk slipt vekk. Treverket vart deretter grunna med Clipper1. Alle plassar der lakken var slipt vekk, vart lakka opp att.

Spunset i aktre stammen er grunna og malt. Dei plassane der ishuda var synleg gjennom malinga, er malt med fleire strok. Overbygget vart lakka – og M/Y Tysso vart igjen eit skinnande smykke.

I samband med Stavanger-turen vart det avdekka nokre større utfordringar med motor, noko vi vil freiste å løyse komande år. Søknader er sendt om støtte til tiltak på motor.



M/Y Tysso på veg på slipp. Foto: Kraftmuseet / Johnny Einarsen



M/Y Tysso på slipp ved Djupevåg. Foto: Kraftmuseet / Irene Lamo

Naustbakken 7

Taket på Naustbakken 7 må skiftast. Vi har søkt om midlar gjennom fjoråret, og arbeider for reparasjonar på taket i 2026.

I Naustbakken 7 er det ferdigstilt eit nytt kontor i 1. etasje, og det er vidare under arbeid eit nytt hjørnekontor mot nord-vest.

På baksida av bygget har vi utbetra hellegangen ved å fjerne lause og knuste heller, og erstatte det slitasjeutsette sluttpartiet med grus. Vi har òg installert el-billadar og ladeplass med grus i nord.


KraftLaben – Vitenparken

Restutstyr til oppgradering av parken ligg lagra i Bygg 026. Dette utstyret er gjennomgått, med planlagt montering våren 2026.

Skjeggedalstova

I 2025 gjekk vi i gang med å skifte taket på Skjeggedalstova. Etter avklaringar med fylkeskonservator samt bygningskonsulent landa vi på å nytte platetak. Vi tinga dei utpeikte Plannja-platene i ein mørk grå farge, slik at bygningen ville gli godt inn i landskapet framleis (Plannja Trend 475, stål, plane plater, PL 20 mørk grå, utan fals ved takfot. Mønebeslag med understøtte, og gavlbeslag).

Ved oppstart såg vi fort at det vart naudsynt å skifte sutak og lekte opp, noko som igjen kravde meirarbeid, men underlaget måtte vere slett før platelegging. Vi har nytta tilsett snekker samt tilsett fagarbeidar i arbeidet, noko som har gjeve oss som museum ny innsikt i dette spesifikke kulturminnet, samt større kompetanse generelt på antikvarisk arbeid på gamle trebygg.



Arbeid på Skjeggedalstova. Foto: Kraftmuseet / Irene Lamo



Takarbeid på Skjeggedalstova. Foto: Kraftmuseet / Frode Bu

5. Formidling

Besøkstala for Kraftmuseet samla låg på 19 768 i 2025. Dette er vi nøgde med, også sidan vi har stramma inn på kva vi reknar som eit besøk.

Krafttematikken er framleis særskild aktuell i media og elles, med eit aktivt publikum som gjerne vil vite meir om kraftkrise, vekslande kraftprisar og bakgrunnen for dette.

Sommarvertane som var tilsette ved museet i 2025 utmerka seg verkeleg, med stor profesjonalitet og positiv innstilling. Som åra før leigde museet inn vertskapstenester hos Trolltunga Active på Lilletopp. Det generelle opplegget vårt på Lilletopp vil verte gjennomgått med tanke på nye løysingar.

Vi har i år oppgradert skiltinga i publikumsmottaket i Tyssedal, noko som fekk spesielt god effekt sommarstid, med tydelegare dirigering folk til sesong-resepsjonen i stasjonen.

Besøkstal

	2022		2023		2024		2025	
	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne
Tyssedal	2304	12041	2 306	9246	2 255	8 971	2495	9895
KraftLaben/Lindehuset	5652	6642	6130	6792	6 401	8 419	2485	2112
Andre	324	2510	1177	1676	354	2 385	508	2273
SUM	8 285	21 193	9 613	17 714	9010	19 775	14280	5488
Totalt	29 478		27 327		28 785		19768	

Utstillinger/ kunst

Inn i frukthagen

Miniatutstillinga *Inn i frukthagen* har vore til inspirasjon for mange besøkande. Her har vi òg hatt besøk av Kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery våren 2025. Vi har i år arbeidd for å utbetre ljossettinga.

Lenger ut på sommaren fekk vi diverre problem med varme i framvisarutstyret, slik at vi her må utføre tiltak for nedkjøling innan neste sommarsesong.

Basisutstilling

Basisutstillinga vår i Naustbakken 7 var gamal, og vart avvikla i fjor. Arbeid med skisseprosjekt, ny basisutstilling, starta i september, med spanande idémyldring. Skisseprosjektet gav utspring til eit forprosjekt, som vi vil nytte 2026 på å utvikle. Sjølv realiseringa er eit stykke fram, og vil organiserast i eit hovudprosjekt.

Vi har avgrensa med ressursar og plass til basisutstillinga, noko som gjer det enda viktigare at vi landar på ei god og romeffektiv, tematisk løysing.

Kraftfull arkitektur

I Tysso I har utstillingane *Kraftfull arkitektur* og tidslinjeutstillinga vært godt likte av publikum. Sjå også avsnittet Undervisingsopplegg.

The Birthorder Theory

I sommar gjennomførte vi ei temporærutstilling med vising av avgangskolleksjonen til vårt lokale designar-talent, Julia A. Henrickson. *The Birthorder Theory* kombinerte design med psykologisk teori om at plasseringa i syskenflokk har innverknad på kven ein veks opp til å bli.



The Birthorder Theory. Foto: Kraftmuseet / Liv Eirill Evensen

Kampen om Alta

Kampen om Alta står som permanent utstilling i kraftstasjonen. Utstillinga er produsert av Kraftmuseet, Skogmuseet og NVE, og ho var fyrst vist fram på Kraftmuseet sommaren 2018. Sidan har ho vore på reis og utstilt fleire stader i heile landet. Saman med «tidslinja» og arkitekturutstillinga er Kampen om Alta med på å vise publikum ulike sider av vasskraftutbygginga, og er ein fin inngang til problematisering og diskusjon kring vasskrafttema – og kraftutbygging generelt. Utstillinga er framleis aktuell, særleg med tanke på diskursen kring grøn energi, naturtap og urfolk sine rettigheitar.

Besøk på Lilletopp

Vi har hatt 4 223 besøkande på Lilletopp i år. Museet held på med ein gjennomgang av bruken av Lilletopp som arena.

Undervisningsopplegg

Museet har hatt om lag 800 elevar innom på undervisningsopplegg. Av dei var kring 600 elevar i grunnskulen i Ullensvang, Eidfjord og Voss, innan tematikk vatn, energi, kunst, kultur, energihistorie, elektrisitet og naturvitskapleg metode.

Frå 2025 av er Kraftmuseet ute av samarbeidet med Ungt Entreprenørskap i Vestland fylkeskommune om *SMART*are teknologi. Dette gjev nedgang i antal elevar på undervisningsopplegg.

I haust arrangerte Kraftmuseet og Ullensvang kommune *First Lego League Ullensvang*. Tema denne gongen var *Unearthed*. Elevane skulle utføre oppgåver knytt til innovasjon, forskning, teknologi, design og programmering – og halde presentasjonar kring arkeologiske undersøkjingar. Museumspedagog frå Kraftmuseet hadde ansvaret for dommarane og dommaropplæringa, og tilsette på museet og representantar frå Kraftmuseets Venner stilte som dommarar. Arrangementet på Odda ungdomskule var svært vellukka, og til saman deltok 350 elevar og kring 1 000 tilskodarar gjennom dagen.

Gjennom året har museet hatt ei rekkje undervisningsopplegg for grunnskulane i Ullensvang. På KraftLaben har elevane mellom anna utforska sansane i *Sansesirkus*, og leikt med energi og kraft i *Energirekke*. Vi har òg gjennomført opplegget *Krafta i vatnet* og fleire andre skuleopplegg knytt til tematikken vår.

Kraftmuseet har elles ein avtale med lærarane i kommunen om at elevar med særskilte behov fritt kan nytte KraftLaben for å kome seg ut av klasserommet – og få nye inntrykk, gjennom leik, læring og oppleving. I 2025 nytta skulen dette tilbodet fleire gonger.

I Tyssedal har vi hatt elevar i alle aldrar med på omvisingar med forskjellige tema, og elevane har lært om segn og natur, og fått prøve seg som kunstkritikarar og kunstnarar i *Kunstvandring* på Tyssedal hotel.

Saman med Trolltunga Active AS har Kraftmuseet også hatt besøk av ca. 100 elevar frå London med forstader. I kraftstasjonen lærte dei om grøn energi, norsk vasskraft og industrialisering, før dei klatra Via ferrata til Lilletopp. Skulane i Ullensvang har vore flinke til å besøke Tyssø i Tyssedal, og i 2025

hadde vi stor etterspørsel etter opplegg som handla om samanhengen mellom kraft og industri, og dei ulike konsekvensane for samfunn og natur.



First Lego League: Eidfjord Excavators. Foto: Kraftmuseet / Signe Bondhus-Jensen


Folgefonngata

Ved hjelp av Kraftmuseets Venner fekk vi i år til eit museumstilbod i Folgefonngata ei veke i juli, med omvising i arbeidarbustadene, kafé og hageliv.

Digital formidling

Museet tilbyr digitale formidlingstilbod på nettstaden vår, samt gjennom Kraftlandet.no. Kraftmuseet har ein digital 3D-modell av Folgefonngata liggjande på Google maps, og ein modell av Tysso I på den same plattformen.

Kraftlandet.no vert bygd opp med tematiske episodar, og i 2025 har vi arbeidd med tema fjellskred. Det er Anno Norsk Skogmuseum som har hatt hovudansvaret for episoden denne gangen, medan Kraftmuseet har bidrege med intervju til podcast, delteke i ymse redaksjonsmøte, idémyldring med meir.



Kontinuerleg visning av kraft-animasjon i stasjonen. Foto: Kraftmuseet / Liv Eirill Evensen

Vi har sett opp skjerm i kraftstasjonen, med kontinuierleg visning av animasjonen *Frå vatn til straum* frå kraftlandet.no.

Podcast-episodane frå Kraftlandet har vore populære gjennom heile året. I tillegg til at dei ligg under kvar episode på Kraftlandet.no er dei òg tilgjengelege som eigen podcast i dei fleste plattformene for podcast. I tillegg vert dei publiserte på podcasten *Museumspodden*.

Formidlinga vår gjennom Digitalt museum er populær. Innhaldet her vert flittig delt til andre plattformer, som til dømes Facebook.

Arrangement

Sesongopninga vår den 31. mai vart markert med konsert med mannskoret *Kor so helst* i kraftstasjonen. Koret frå Ulvik kom til oss saman med eit filmteam frå Hardingfilm AS, som er i ferd med å lage dokumentarfilm om medlemmane i koret. Det ble god stemning og tøffe tonar, og vonaleg henta inn gode filmklipp frå den stilige kraftstasjonen til den komande dokumentarfilmproduksjonen.



«Kor so helst» opna sommarsesongen 2025 med brask og bram. Foto: Kraftmuseet / Liv Eirill Evensen

8. mars

50-årsjubileet for FNs kvinnedag 1975 vart markert med plakatverkstad, tog og appellar, samt visning av filmen «Bunadsgeriljaen».

Opning av temporærutstilling

Utstillinga *The Birth Order Theory* (sjå over) vart opna med føredrag av Agnethe Sivertsen frå Hardanger Folkemuseum 12. juli.

«Eksplasjon»

Tema for Litteratursymposiet 2025 var EKSPLASJON – og museet deltok med eit kåseri om temaet, sett i eit historisk og «oddisk» ljós.

Dette var eit utval av arrangementa våre i år. Kraftmuseet har elles stilt lokale til disposisjon for ytterlegare ei rekkje arrangement, som til dømes Hardanger Musikkfest, som hadde avslutningskonserten sin i kraftstasjonen 31. august: *Atterklang*.

Ved Litteratursymposiet 2.-5. oktober leigde Kraftmuseet ut koordinator, som tidlegare.

6. Mangfald og inkludering

Samisk kultur og kulturarv

Gjennom t.d. Fosen-saka er Alta-utstillinga vår framleis aktualisert og diskutert. Vi nyttar utstillinga aktivt for å vise fram problemstillingane som ligg i konflikten mellom grøn energi og naturvern. Utstillinga vert også nytta i undervisningsopplegg for å snakke om demokrati og medborgarskap med elevar.

Kjøn, identitet og mangfald

Museet har eit pågåande skisseprosjekt for å gjere museet meir universelt utforma (UU). Vi har en førebels avtale om samarbeid med Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) for å finne konkrete og gode, men gjerne enkle, løysingar for større tilgjenge ved museet. Her har vi von om å få til ei synfaring i 2026.

I år vart det ikkje arrangert Tyssø Pride, sidan hovudarrangør ikkje hadde høve. I staden flagga vi i Tyssedal i Pride-veka, og arrangerte Fargespel for ungane i KraftLaben.

Arbeid med flyktningar og vanskelegstilte

Alle skal ha mogelegheit å besøke Kraftmuseet og ha god tilgang på eigen kulturarv. I 2025 fortsette vi det systematiske arbeidet med å dele ut gratis årskort til vanskelegstilte familiar, flyktningar og andre grupper som fort fell utanfor i samfunnet. Flyktningmottaka og kommunen kan etter avtale sjølv skrive ut og dele ut billetter til museet.

7. Forsking, utvikling og nettverksarbeid

Arkivet skapt av fredsforskar Johan Galtung

Arkivet slik det vart overlevert til Kraftmuseet består av 28 esker med materiale. Status per 12.12.25 er at alle dei 28 eskene er pakka ut og reingjort. I denne første fasen har arbeidet bestått i å pakka ut og reingjere materialet, slik at det er klart til vidare gjennomgang og registrering. Plastmapper og bindersar har blitt fjerna undervegs i dette arbeidet. Arbeidet med vidare registrering av materialet er kome i gang, og vert prioritert i 2026. I tillegg til dei overleverte 28 eskene med arkivmaterialet så har Hardangerakademiet levert inn ytterlegare 4 esker med uavklart materiale. Også dette materialet er no pakka ut.

Det kom tidleg i prosjektet førespurnadar frå ulike hald om innsyn i arkivet etter Galtung. Dette har vore ei utfordring, sidan vi som arkivinstitusjon ikkje kan sleppe kontrollen på materialet i denne fasen, og sidan ein ikkje har full oversikt før alt er ordna. Vi ser desse spørsmåla som ei stadfesting på at arkivet er viktig og relevant for forskarar i dag.



Arbeid med reingjering av arkivmaterialet etter Johan Galtung. Foto: Kraftmuseet / Guro Kvalnes

I april inviterte Kraftmuseet i samarbeid med Hardangerakademiet til eit føredrag om Galtung sin metode ved Susanne Urban. Kring 15 personar fekk under dette føredraget presentert ein teoretisk inngang til arven etter Johan Galtung. Intensjonen med føredraget var mellom anna å sikre at alle ved Kraftmuseet har ein viss kjennskap til Galtung, og forståing for kvifor vi har teke på oss dette forvaltingsansvaret.

Tidleg i haust vart det klart at ambisjonane i hovudprosjektet må skalerast ned i tråd med dei økonomiske realitetane. Dette på bakgrunn av fleire avslag på søknadar sendt på vårparten. I praksis betyr dette at arkivdelen i prosjektet vil verte prioritert, samt eit enklare formidlingsopplegg enn det vi først hadde planlagt.

Kraftlandet.no

Kraftlandet.no inngår i hovudsatsinga vår saman med NVE og Anno Norsk skogmuseum i NVE si museumsordning. Kraftlandet.no er ein digital plattform som skal formidle historier om vatn og kraft, hovudtema som inngår i NVE sin portefølje, og tema som er sentrale for dei to samarbeidsmusea.

Kraftlandet veks fram gjennom episodar med ulikt innhald, som til dømes artiklar, animasjonar og illustrasjonar, og ein podcast. Kraftmuseet er del av hovudredaksjonen, og tilsette ved museet har skrive fleire av artiklane på nettstaden.

Den sjuande episoden, som skal omhandle fjellskred, har vi jobba med gjennom året.

Kraftturisme i det vestnorske kraftlandskapet

Kraftturisme i det vestnorske kraftlandskapet er eit prosjekt i regi av Vestland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Riksantikvaren. Kraftmuseet deltek i prosjektet. I 2025 har det vore utarbeidd evalueringsrapport og halde evalueringsmøte. Fylkespolitisk har det vore oppe sak om vidareføring av prosjektet. Kraftmuseet har stilt seg til disposisjon for eventuelle koordineringsoppgåver i fortsetjinga.

TICCIH

Vi har i år gjort ein større innsats innan nettverket *The International Committee For The Conservation Of The Industrial Heritage*, både gjennom deltaking i den norske TICCIH-arbeidsgruppa, samt ved å levere *paper* til TICCIH-kongressen i Kiruna i august, og delta på denne med to tilsette. Her vart Kraftmuseet med Tysso I kraftstasjon synleggjort gjennom vår eigen presentasjon, og i tillegg gjennom fleire av dei norske innleiarane sine innlegg.

Kiruna er ein stad med ei heilt spesiell historie som gruvestad, og det går føre seg store samfunnsendingar på staden. Vi vitja gruva til LKAB, som det meste av utviklinga i området er sentrert om. (ticcih.org)

ERIH – European Route of Industrial Heritage

Kraftmuseet er representert med Tysso I kraftstasjon som ankerpunkt i ERIH. I 2025 har vi hovudsakleg jobba med ERIH gjennom deltakinga vår i Kraftturismeprojektet. (erih.net)

SIKA

Kraftmuseet har varamedlem i styret i *Fagseksjon for industri, kommunikasjon og anlegg* i Museumsforbundet, og deltek i dei digitale styremøta. (museumsforbundet.no)

Norsk Industriarv

Kraftmuseet deltek i alle nettverksmøta, og har i år leia valstyret. I 2025 har foreininga hovudsakleg jobba vidare med den varsla overgangen frå bevaringsprogramma til bevaringsstrategiar – Riksantikvaren. (norskindustriarv.no)

Norges Museumsforbund

Kraftmuseet deltok med to representantar ved Museumsmøtet 2025 i regi av Norges Museumsforbund 25.-27. mars i Kristiansund. Tema: "Natur-kultur-krisa". (museumsforbundet.no)



Direktøren presenterer i Kiruna, august 2025. Foto: Kraftmuseet / Åsne Dolve Meyer

Nordisk samarbeid

Kraftmuseet initierte i 2025 eit spanande prosjekt saman med Grønlands Nationalmuseum & Arkiv, og vi har saman søkt om prosjektmidlar innan ordninga «Opstart» hjå Nordisk Kulturfond to gonger. Nordisk Kulturfond har diverre gjeve avslag, men vi har òg søkt om forskingsmidlar (Grønland) og studiereisemidlar innan arkiv (Noreg) slik at vi likevel kan sjå ei fortsetjing.

Tekstarbeid, presentasjonar av dokumentasjon

Ein tilsett ved Kraftmuseet har undervegs ein forskingsartikkel i prosjektet *Tilknytingsformer i norsk arbeidsliv i eit historisk perspektiv*. Her er fagfellelvurdering gjennomført, og vi ventar på utgjeving i antologi.

Kraftmuseet er vidare medforfattar av artikkelen *Digital formidling i vinden* saman med NVE, til antologien *Et varslet Uvær. Museene møter natur- og klimakrisen*. Alle artiklane i boka er fagfellelvurderte. Utgjevinga kjem på Spartacus forlag primo 2026.

Kraftmuseet fekk òg publisert ein artikkel i tidsskriftet Museum nr. 4/25 om elver og menneskelege inngrep, *Bekken som ville vere elv*. Som lokalt utgangspunkt vart historiske hendingar og dramatikk kring regulering av Sansarbekken i Odda løfta fram.

Til TICCIH-kongressen i Kiruna, *Heritage in Action*, vart det utarbeidd *abstract, paper* og presentasjon med manus. Av desse er *abstract*-et publisert, *Dirty, raw, cool – and devoid of function? Discussing Cultural Heritage In A Post-Industrial Limbo*. Presentasjonen vart vist gjennom føredrag under verdskongressen. Kortversjonen av artikkelen (engelsk) er planlagt publisert i TICCIH Bulletin nr. 111.

Ny forskingsplan for Kraftmuseet

Forskinsplanen vår var frå 2018, og mogen for utskifting. Det er mykje som har endra seg sidan då, samfunnet og museumspolitikken ser no ganske så annleis ut. Den nye forskingsplanen vår gjeld for 2026 – 2030 og vart vedteken i styremøtet i desember.

Vi ser breitt på forskning som ny kunnskapsproduksjon på våre museumsfaglege felt.

Arbeidsgruppe for Oddasoga

Avdelingsleiar for samlingsavdelinga har delteke i arbeidsgruppa for Oddasoga gjennom året.

Nytt fokus på museumsgjenstand

Nytt fokus på museumsgjenstand – Styrking av heilskapleg samlingsforvaltning (2025–2027) i regi av Bevaringstenestene er eit prosjekt kor musea i Vestland får faglege innspel til det praktiske arbeidet med samlingane. Her har vi delteke i seminar og møte. I veke 43 deltok Kraftmuseet ved ei større ReOrg-samling i Sogndal.

«Alt dette er ditt»

Alt dette er ditt er eit samarbeidsprosjekt mellom Kraftmuseet, Hardanger Folkemuseum og Hesthamar skrivargard med mål om å gjere kulturminna vi forvaltar kjende og tilgjengelege for innbyggjarane i Ullensvang – gje folk meir av ei *eigarkjensle* til musea og samlingane våre. Vi er her for å ta vare på, og tilgjengeleggjere, kulturarven for folk, og dermed må dei inspirerast og inviterast inn.

Prosjektet er støtta av ordninga *Gode museer for bedre lokalsamfunn* – eittårige prosjektmidlar frå Kulturrådet.

8. Administrasjon og drift

Miljø og HMT

Krava knytt til miljø- og berekraftarbeid ved musea vert stadig større, og meir uttalte. Kraftmuseet har nasjonale oppgåver knytt til formidling av ressursutvinning, berekraft og det krevjande feltet grøn energi versus naturtap. Her jobbar vi strategisk saman med Anno Norsk Skogmuseum og NVE i museumsordninga.

Som eit konkret miljøtiltak har vi i 2025 skifta ut arbeidsbilen vår med ein nyare elbil, og berekraft er no introdusert som tema i den nye forskingsplanen vår.

Helse, Miljø og Tryggleik (HMT) er eit fast punkt på alle måndagsmøta. Det faste innslaget av HMT gjer at leiinga og dei tilsette har jamt fokus på dette, og kan ta opp smått og stort knytt til helse, miljø og tryggleik i verksemda.

Kraftmuseet er medlem av Bedriftshelse1. Det vert jobba systematisk med arbeidsmiljøet gjennom samarbeidsmøte med bedriftshelsetenesta, i kontaktmøte mellom leiinga og dei tillitsvalde, gjennom faste møte kvar måndag med alle tilsette, gjennom faste møte i leiargruppa kvar torsdag og gjennom forbetningsarbeid knytt til planverk og rutinar. Vi held fokus på felles arrangement og sosiale samlingar, som til dømes felles personaltur, julemarkering samt mogelegheita for nettverksmøte med andre institusjonar. I 2025 har vi arbeidd spesielt med sjukefråvær-tematikk, psykososialt arbeidsmiljø samt gjennomført ei dataarbeidsplasskartlegging.

Innanfor brannvern har vi gjennom året hatt fleire ulike øvingar og gjennomgangar, både internt i organisasjonen og saman med brannvesenet.

Tryggleik for gjestar og dei store verksemdene som nyttar kaiområdet har vore i fokus ved kontakt med kommunen om skilting av fare – kai ved den kommunale vegen.



Kraftmuseet har etterspurt skilt i Naustbakken: Fare – kai. Dette kom på plass i 2025.

Foto: Kraftmuseet / Liv Eirill Evensen

I samband med våre nasjonale oppgåver, søkte vi i fjor om OU-støtte til å reise på personaltur med studie av teknisk-industrielle kulturminne i Kongsbergområdet, med hovudfokus på Vassdragsmuseet med Labro kraftstasjon (Buskerudmuseene), og Kongens Gruve (Norsk Bergverksmuseum). Turen vart gjennomført som planlagt 1.-2. september 2025.

Kraftmuseet lyste ut ei stilling som administrasjonskonsulent våren 2025, og fekk tilsett i stillinga frå 1. august. Denne nye stillingsressursen vil avhjelpe administrative oppgåver ved museet, og etter kvart frigjere tid for anna arbeid i fleire stillingar i dei andre avdelingane.

Straum og fjernvarme

I 2025 skifta vi ut trappevifta som fordeler fjernvarme oppover i etasjane i Naustbakken 7, mykje grunna for høgt støynivå. No ligg støyen frå anlegget på eit meir toleleg nivå, og vi kan nytte trappevifta meir. Dette gjev god ENØK-effekt.

Kraftmuseet har gjennom året arbeidd med ein ny fjernvarmeavtale i samarbeid med produsenten, INEOS, og dei ulike sluttbrukarane av fjernvarme i Tyssedal. Avtalen vart ferdigstilt og underteikna av partane innan nyttår, og denne gjeld no for åra 2026-2027.

I oktober tinga vi ei utgreiing av alternativ varmeløysing i kraftstasjonen, om fjernvarmen på eit punkt i framtida skulle svikte. Her henta vi inn tilbod frå to konsulentfirma. Norconsult fekk oppgåva med å utarbeide rapport over løysingar som kan setjast i verk om dette vert naudsynt. Rapporten vart levert innan nyttår.

Plan- og strategiarbeid

Vi har fått fleire førespurnader frå institusjonar som vil sjå våre retningslinjer for KI-bruk, det er hyggjeleg og inspirerande. Desse retningslinjene er òg delte med alle museumsdirektørane i Vestland, i samband med direktørsamlinga i Rosendal.

Kraftmuseet har utarbeidd ny forskingsplan i 2025, sjå punktet *Forsking og utvikling*. Komplettering av Kraftmuseet sitt planverk gjer ansvarstilhøva ved museet tydelegare, styrkjer administrasjonen si handlekraft og gjer drifta av museet meir føreseieleg.

Ei viktig, strategisk oppgåve for direktør er å motivere og styrke leiargruppa. I 2025 tok vi turen til Hardanger folkemuseum på Utne for heildagsmøte med gjennomgang av sentrale problemstillingar for drifta av Kraftmuseet.

Vi har òg gjennomført 2 modular av i alt 5 frå leiaropplæringsprogrammet til NHO internt ved museet i år.



Leiargruppa fekk «løfta blikket» på Utne. Foto: Hardanger folkemuseum

Synleggjering og representasjon

Besøk av kulturministeren, med delegasjon frå Arbeiderpartiet

Kraftmuseet fekk besøk av kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery saman med ordførar Roald Aga Haug og ein delegasjon frå Arbeiderpartiet 30. april. Kulturministeren fekk her oppleve miniutstillinga *Inn i frukthagen*, som krinsar om fotograf Knud Knudsen sitt livsverk. Etterpå vitja gruppa kraftstasjonen Tysso I, og fekk høyre om tilhøva for arbeidarane som jobba i kraftstasjonen – og korleis ein tidlegare oppførte vakre, monumentale kraftanlegg også for å vekkje merksemd hjå investorar. Kraftstasjonen sluttar aldri å begeistre.



Kulturministeren på plass i den «obligatoriske» røyrbiten. Foto: Kraftmuseet / Liv Eirill Evensen

Kraftmuseets venner

Kraftmuseet deltek med ein representant i alle styremøta i Vennelaget, og informasjonsflyten går godt mellom lag og museum. Kraftmuseet bidreg med redaksjonelt arbeid og distribusjon av medlemsbladet *Liv og rør*.

Vennelaget heldt i år opent i Folgefonngata ei veke i juli med omvising og kafé i Buen.

Den årlege museumsturen i september gjekk til Tønnegarden i Holmefjord. Vennelaget gjennomførte òg den tradisjonelle og populære juleverkstaden sin 29. november, med nærare 50 barn som deltok.

Eit opprusta museumsanlegg i Folgefonngata legg no grunnlag for meir bruk av anlegget i tida som kjem. Målet er både at vennelaget skal kjenne seg heime i Folgefonngata og ha dette som base, og at anlegget skal verte meir nytta til gode museums- og sentrumsføremål, for fleire brukargrupper.

Vennelaget har bidrege med heile 190 timar i frivillig innsats gjennom året.

9. Vegen vidare

Museumskvardagen ser ut til å verte stadig meir orientert kring det vedvarande arbeidet for å søkje om pengar til drift, vedlikehald og prosjekt. Kostnadar til løn og pensjon tek ein stor del av budsjettet, og vi ser ei reell nedgang i bemanningstala våre. Det vil ha innverknad på drifta vår dei komande åra at vi får gjennomslag for fleire av dei søknadane vi sender. Søknadsarbeid tek tid, og inneber ofte utvikling av nye og kreative arbeidsformer, unike målsetnader og nettverksarbeid.

Draumen er å kunne nytta meir av tida vår til musealt arbeid, og mindre til søknadar og rapportar – det ville hatt mykje å seie for god ressursbruk, for produkt, resultat og langsiktig utvikling. Her kunne ei auke i driftstilskotet vårt gjeve rom for å utvikle «meir museum».

Samstundes er bemanninga vår ikkje alltid stor nok til å kunne klare alt vi ønskjer – og treng – å rekke over. Vi har hatt redusert bemanning gjennom året, og fleire tilsette sit med oppgåver som i prinsippet overgår ansvarsfeltet deira.

Utval for Kultur, Idrett og Inkludering i Vestland fylkeskommune har i sommar/haust teke initiativ for å sjå på ein ny konsolideringsprosess innan kulturlivet. Kraftmuseet er nemnt i klårtekst som aktuelt for konsolidering. Vegen vidare her kjenner vi førebels ikkje enno, og styret skal ta stilling til saka – men dette kan uansett vere eit høve til å tenkje gjennom dei store, strategiske spørsmåla.

Vi har store oppgåver som står framfor oss;

- Prioritering av ny basisutstilling vert eit naudsynt grep for det vidare formidlingsarbeidet ved museet. Her er eit skisseprosjekt gjennomført, men større og tyngre løft kjem dei næraste åra.
- Når det gjeld bygningsmassen, står arbeidet med omlegging av skifertaket på administrasjonsbygget vårt, Naustbakken 7, for tur.
- Innan samling er det framleis ordning, registrering og avhending/kassering som gjeld, slik at vi kan få naudsynt oversikt og ro til å utvikle samlingane våre vidare for framtida, tilpassa vårt fagfelt, men òg med eit vaktsamt auge for kva som skjer i verda i dag.

KRAFT

MUSEET